

## Referat

### Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg i Nordhordland

**Møte:** 2 - 2016  
**Dato/tid:** 6.april kl. 12.00 - 15.15  
**Stad:** Møterom Regionrådet  
**Til stades:** Oddvin Neset(Mo), Grethe Fosse(R), Mette Fauskanger(O), Helga Ellingsen(Ma), Olav Mongstad(A), Helge Kvam(Me), Grete Herøy(F), Leni Dale(L) og Anne Hildegunn Færøy(NUI)  
**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

Saksnr	Saker	Vedtak Orient. Drøfting	Ansvar
09/16	<b>Godkjenning av saksliste Møte 2-2016</b> Saksliste godkjent utan merknader	V	
10/16	<b>Godkjenning av referat Møte 1-2016</b> Referat frå møte 1-2016, 17.februar godkjent utan merknader	V	
11/16	<b>Val av leiar for gruppa.</b> Helga Ellingsen er vald til ny leiar, men kan ikkje ta dette på seg før etter sommaren. Grete Herøy og Oddvin Neset tar på seg å vere leiar i kvar av dei neste møta. Gruppa ønskjer å setje av litt tid i kvart møte til å drøfta saker og problemstillingar, samt dela erfaringar som er av felles interesse. Dette vert ein fast post på sakslista. Sak til Mai-møte; Avklare møteplan for hausten 2016.	V	Alle
12/16	<b>Oppdatert oversikt råd, utval og nettverk innan HO tenesta</b> Oppdatert oversikt var sendt ut i forkant av møte. Det er framleis råd og nettverk som manglar representantar frå nokre av kommunane. Kvar av medlemmene tar ansvar for å sende melding til Anne Hildegunn slik at listene blir mest mulig komplett. Det vert stilt spørsmål om korleis re-vitalisere fagråda si deltaking i samarbeidet? Dei fleste råd og nettverk er operative og har jamlege møter, men det er lite kjent kva dei har fokus på, og komm.sjefane får i ulik grad tilsendt referat frå møta deira. Det er behov for å ha ein gjennomgang mandata til fagråd og nettverk. Kommunalsjefgruppa er kjent med at Fagrådet for PLO ikkje har vert operativ siste året. Dette fagrådet er ein viktig møteplass og samarbeidsarena, og det er ønske om å re-vitalisere gruppa. Det må vurderast om mandatet må endras. Uansett ber ein om at mandatet blir utforma etter same mal som kommunalsjefgruppa sitt. I møte er det semje om at ein ber noverande leiar (Johnny Brattetaule) kalle inn til eit møte i Fagrådet for PLO ila våren, og be dei drøfte tema som kan vere aktuelt å rette fokus på. Forslag it tema som var løfta fram i møte; <ul style="list-style-type: none"> <li>- deling av kompetanse og erfaringar frå ulike prosjekt</li> <li>- drøfting av felles utfordringar i skjeringspunktet mellom kommune og sjukehus</li> <li>- melding og handtering av avvik m.v.</li> </ul>	D	Alle

	<p>Vidare vil kommunalsjefgruppa be fagrådet komme med innspel til endringar i mandat. (Utkast tilpassa mal er vedlagt)</p> <p>Grethe Fosse tar kontakt med Johnny og spør om han kan ta ansvar for å kalla inn til møte i Fagråd for PLO.</p> <p>Anne Hildegunn Færøy sender referat frå møte med utkast til mandat til Johnny.</p> <p>Vidare samarbeid mellom kommunalsjefgruppa og fagråda/nettverka kan styrkast ved at leiar for dei ulike gruppene blir invitert inn kommunalsjefgruppa sine møter.</p>		
13/16	<p><b>Rehabiliteringsdagar ved Haraldsplass i 2017</b></p> <p>Janne Ferstad, Rehabiliteringskoordinator ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus har sendt e-post med spørsmål om kommunane i NH vil delta i planlegging og gjennomføring av Rehabiliteringsdagar ved HDS i 2017. I første omgang er det snakk om ein eller to personar som kan vere med i ei arbeidsgruppe som startar planlegginga.</p> <p>Kommunalsjefgruppa er positiv til å delta i planlegging og gjennomføringa av Rehab.dagar, og vil at to personar frå kommunane bidrar i dette arbeidet. Det kan vere hensiktsmessig at det er ein frå Fagrådet for fysioterapeutar og ein frå fagrådet for PLO.</p> <p>Anne Hildegunn sender melding til dei to fagråda og ber dei utpeike representantar til arbeidsgruppa.</p>	V	Alle
14/16	<p><b>Samarbeid om etablering av ambulante team og ØHD senger innan psykisk helse og rus - 2016 – 2018</b></p> <p>Dag Haarklau, psyk.spl i Masfjorden og medlem i for Fagrådet for psyk.helse og rus orineterte om at det er søkt om skjønsmidlar for å vurdere etablering av ambulante team og døgnplassar for øyeblikkelig hjelp innan psykisk helse og rus - eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland og med Helse Bergen.</p> <p>Overordna mål for prosjektet: At menneske med psykiske lidingar og rusproblem får eit optimalisert og samordna tilbod frå primær og spesialisthelsetenesta, og at tilboden utnyttar ressursane til beste for brukarane.</p> <p>Delmål:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Etablering av samarbeidsteam / FACT team</li> <li>2. Etablering av kommunale døgnplassar innan psykisk helse og rus</li> </ol> <p>Det er søkt om midlar til frikjøp av 20% prosjektleiar og til kartlegging, analyse og vurdering av aktuelle pasientgrupper/dimensjonering av tilboden. Kommunane sin eigeninnsats er i stor grad tenkt gjennom bruk av kompetanse i kommunane – nettverksarbeid, tverrasektorelt og tverrfagleg samarbeid og førebuing. Søknaden er utarbeidd gjennom eit samarbeid med repr. i fagrådet, legevaktsjef og samhandlingskoordinator.</p> <p>Masfjorden kommune står som søker. Det er usikker kor tid det kjem svar på søknad.</p> <p>Det vert vidare føreslått at planlegging av arbeidet skjer gjennom Fagrådet for psykisk helse og rus, og i samarbeid med Helse Bergen, Bjørgvin DPS. Det må utarbeidast forslag til organisering av prosjektet og ein prosjektplan.</p> <p>Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa og støttar mål og delmål som er sett for prosjektet. Det blir vidare vist til at dersom prosjektet</p>	O/V	Alle

	<p>ikkje får skjønnsmidlar, så må kommunane vurdera om det skal setjast av kommunale midlar til gjennomføringa. Kommunalsjefgruppa ber om å bli halden orientert om framdrifta i prosjektet.</p>		
	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b>  <b>Endra kommunestruktur:</b>  Spørsmål i fht intensjonsavtale om kommunesamanslåing som er sendt på høyring til kommunane, og om dette noko som denne gruppa burde engasjere seg i?  Fleir i gruppa meiner at dette er noko som må vurderast i den enkelte kommune.  <b>Endring i Husbanken sine tilskotssatar til bustad til flyktingar og vanskelegstilte.</b> Kva konsekvensar kan det få for kommunane?  Det har tidlegare vert gitt tilskot til Familiegjenforening gjennom ei statleg ordning. Denne er no fjerna. Nettverk for flyktingar skal drøfte dette i neste møte. Referat frå deira møter vert sendt ut i den enkelte kommune.</p>		

Knarvik 13.04.2016

Anne Hildegunn Færøy